

Leiar

Denne redaksjonen har ikkje hatt for vane å lage temanummer. Politikken har vore å vere ei postkasse for det beste og mest gjennomarbeida stoffet som har kome inn, og slik reflektere nordisk litteraturforskning.

No, i det siste nummeret i 2014, gjer vi eit unntak og set søkjelys på feministisk litteraturvitskap før og no. Vi må nok vedgå at dette til dels har ein lokal bakgrunn; eit ønskje om å heidre professor Ellen Mortensen som jubilerer i fjor, og som saman med ei rekkje andre forskarar i same generasjon har lagt ned eit stort arbeid for å gjere feministiske perspektiv tilgjengelige i den litteraturvitskapelige institusjonen. Men om nokon trur at vi difor har redusert Edda til eit panegyriske festskrift, tek dei feil.

Etter redaksjonens mening er det svært mange – og gode – grunnar til å lage eit temanummer om feministisk litteraturforskning. Rett nok kan det vere ulike synspunkt – i redaksjonen òg – på det grunnleggjande spørsmålet om kor sentralt kjønnsomgrepet bør stå i litteraturforskninga. Og på spørsmålet om kor vidt feministisk litteraturforskning har mest å lære av den tradisjonelle litteraturforskninga – eller omvendt. Men ein kan vere einige om at det kunne vore meir kommunikasjon og integrasjon av fagområda, og at dei ideologiske frontane som har skapt ein viss antagonisme, ikkje lenger er like klåre. Difor vil vi nytte høvet til å gjere opp status for eit perspektiv som gjennom ein generasjon har vokse til eit stort internasjonalt fagfelt med mange aktorar og ein rekkje ulike innfallsvinklar, tema og metodar. Den nordiske kjønnsforskninga har både vore ei drivkraft i den internasjonale utviklinga og henta inspirasjon frå ho. Vi spør: Kor står den nordiske feministiske litteraturvitskapen i dag?

Den feministiske litteraturvitskapen hadde som ambisjon å endre det litteraturvitskaplege paradigmat radikalt. Difor har vi invitert til refleksjon omkring kva feministisk litteraturvitskap står for i dag og i kva grad den har bidrege til å endre synet vårt på litteratur, på lesing, på forfattersubjektet, på litterær kvalitet og resepsjon. Står den feministiske litteraturforskninga andsynes andre utfordringar i dag enn for ein generasjon sidan? Bidraga i dette nummeret gir ulike svar på dessa spørsmåla. Og nett denne metarefleksjonen har allmenn litteraturvitskapleg interesse: Den dreier seg ikkje berre om kva som er viktige spørsmål for den feministiske litteraturforskninga, men om korleis vi

tenkjer om litteratur og om forskning i det heile. Fleire vil nok meine at kjønnsforskninga burde vore enno betre integrert i generell litteraturforskning enn ho er i dag, men ei slik integrasjon kan òg få ei bakside: På kva og kven sine premisser kan integrering skje, og kva er høvet mellom integrasjon og radikal endring? I kva grad inneber integrering ei utvatning av det ideologiske grunnprosjektet?

Vi gir i dette nummeret ordet til sentrale aktørar i feministisk litteraturvitenskap i Norden, som alle har ønskt å bidra til denne faglege sjølvrefleksjonen kring nordisk litteraturforskning. Anne Birgitte Rønning tek i nummerets første artikkel utgangspunkt i ein programtekst frå 1979 der Toril Moi og Raket Christina Granaas vil ha meir teori- og metodemedvit i det som då heitte «kvinnelitteraturforskninga». Rønning skildrar utviklinga fram til det vi i dette nummeret har kalla «feministisk litteraturvitenskap», som eit meir konsolidert, men òg mindre politisk begeistra forskingsfelt. Ho drøftar kva som har kjenne-teikna disiplinen, og peikar på at medan den teoretiske diskusjonen har vore omfattande, fanst det mindre medvit om metode og empiri i fagtradisjonen. Rønning skriv at desse aspekta er viktige for breidda i eit vitenskapleg fagfelt.

Eit godt døme på korleis empirien kan gje utfordringar til teori og metode, er Anna Watz' artikkel om «Njutningens problematik: Postfeminism, normativitet och 'mommy porn'». Watz slår fast at «Den nya skepnad och masspopulära kontext i vilka frågor om kvinnligt begär och njutning åter har aktualiserats genom *Fifty Shades*-fenomenet manar till en nydanande feministisk läsning som inte faller in i reduktiva och alltför förenklade resonemang». Med dette demonstrerer Watz eit sentralt poeng som finst hos Rønning: at ny empiri kan slå inn i det tradisjonelle teoretiske paradigmet. Eit spørsmål blir om aksept av kommersiell kvinneporno pressar fram eit postfeministisk paradigme.

Den tredje artikkelen er skriven av Ellen Mortensen. Ho slår fast at feministisk litteraturforskning allereie tek i bruk alle teoriar og metodar, og at det politiske framleis heng ved, som i all litteraturforskning. Tilhøvet mellom estetikk og politikk vil uansett vere i sentrum. Ho demonstrerer stoda i feministisk litteraturvitenskap gjennom ulike lesingar av – eller «lesestiar» til – Jenny Hvals roman *Perlebryggeriet*. Romanen skriv seg sjølv inn i det feministiske feltet, og gjennom to døme på ulik lesepraksis syner Mortensen korleis pluraliteten i feministisk litteraturvitenskap i dag kan løfte fram ulike kjønnsaspekt i ein tekst. Hvals roman kan både lesast som ei utforskning av det feminint kroppslege, og som ei oppløysing av det kroppslege i språklege kategoriar som retorikk og symbolikk. Mortensens analyse vil bringe lesaren attende til Watz' kommentarar til populærlitterære *Fifty shades* og Rønnings spørsmål om i kva grad empirien påverkar teorien.

Dette er våre tre fagfelleverderte artiklar. Dei ulike spørsmåla om fagleg integrasjon og metode som dei tek opp, vert drøfta i dialogen mellom dei svenske kjønnsforskarane Anna Williams og Åsa Arping. Dialogen gir eit godt historisk innblikk i dei faglege endringane – «endringar», for ifølgje Williams og Arping må vi forlate tanken om rake utviklingslinjer – og synleggjer grense-

flaten mot den generelle litteraturforskinga og mot anna kjønnsforsking, særleg i samfunnsvitskapen. Meir enn å konkludere gir dialogen eit framifrå bilete av sjølvforståinga til moderne kjønnsforsking, samstundes som han peiker på ei rekke sentrale problemfelt.

Om nokon skulle få inntrykk av at sjølvmedvitet til kjønnsforskinga heilt har gått tapt i mangfald og introspeksjon, får dei ein grundig korreks i Elisabeth Grosz' fyndige «The Practice of Feminist Theory». Ho slår fast at «Sexual difference is not simply one concept among many but is the organizing concept for the second half of the twentieth century». Feministisk teori har til oppgåve å skape og vedlikehalde nye omgrep: «Sexual difference is the thought of our time, an inassimilable concept that requires new thought, a new labor of making concepts, theories, positions, indeed ultimately a new politics». Slik kanaliserer ho mykje ideologisk vilje i eit ope forskjellsomgrep som vert sjølve grunnsteinen i feministisk teori, og gir samstundes ein bakgrunn for korleis Mortensen bruker nye, teoretiske omgrep i si lesing.

Ettersom Rønnings opningsartikkel tek fråsats i Toril Moi anno 1979, er det på sin plass at Moi anno 2014 avsluttar nummeret med ei språkteoretisk helsing til Mortensen. Kan hende er det ikkje utan vidare innlysande kva denne wittgensteinmeditasjonen har med feministisk teori å gjere. Men likevel, med blikket retta mot korleis ord er einingar i endring i kvardagsleg bruk, peiker Moi nettopp mot ein språkfilosofisk og omgrepsutviklande kjerne i feministisk litteraturvitskap. Slik vert det ei fin eining og rørsle i dette nummeret, og det er bra at korkje det politiske grunnprosjektet eller dei faglege avgrensingane vert endeleg definerte, men ender i dette vesle enigmaet.

Redaksjonen takkar òg for meldingane, som held seg til tema, og vi takkar Kari Jegerstedt, som i vørndnad for sin kollega og venn Mortensen har supplert den faste redaksjonen. Dette vert venteleg ikkje det endelege punktumet for Bergensredaksjonen, då det er i ferd med å samle seg stoff til eit første nummer på nyåret for Osloredaksjonen overtek skuta.

God lesnad!

Bergen, september 2014

Kari Jegerstedt Christine Hamm Jørgen Magnus Sejersted Eirik Vassenden